

Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep.
0032 OSLO

Dok. nummer 19/04644-3
Deres referanse: 19/3216
Vår dato: 12.09.2019

Vår referanse: Gro Smedsrud

Høyringsvar - Forslag om endringar i forskrift om opptak til høgre utdanning

Universitetet i Sørøst-Noreg (USN) viser til høyringsbrev frå Kunnskapsdepartementet 28. juni 2019 (19/3216-), med høyringsfrist 16. september 2019. USN har merknad til nokre av endringane som er framlagt.

§ 2-2 (2). Utanlandsk utdanning

USN støttar framlegg om endring i andre ledd, punkt nr 4, om at test i norsk, høgre nivå («Bergenstesten»), skal vera bestått både skriftleg og munnleg.

§ 2-2- (3). Utanlandsk utdanning

USN støttar framlegg om at andre punktum i paragrafen blir sletta frå forskrifta, men støttar ikkje grunngevinga for slettinga. USN ynskjer fortsatt å halde moglegheita open for å kunna godta norskkunnskapar dokumentert med norsk eller eit anna nordisk språk på grunnskulenivå.

Første punktum i paragrafen opnar for at universiteta og høgskulane kan godta annan dokumentasjon av norskkunnskapar for søkjarar med vidaregåande utdanning frå utlandet. I andre punktum blir kunnskapar i norsk eller nordisk frå grunnskulenivå vist til som eit døme på at annan dokumentasjon kan bli godteke. Dømet som er nemnd i forskrifta er utdjupa i merknadane, der det er krav om at alle åra frå grunnskulen må vera dokumentert. I notat til høyringsbrevet blir det peikt på at det kan vera vanskeleg å få tak rett dokumentasjon frå grunnskulen (det fins ikkje noko offisielt dokument frå fullførte år frå 1. – 7. trinn), og at ein til dømes ikkje kan godta grunnskulen frå 2. klasse til og med første året på vidaregåande. USN meiner at utfordringane med å dokumentere år frå grunnskulen ikkje bør føre til at denne måten å dokumentere kunnskapar på faller bort.

Dersom andre punktum i forskrifta slettast, og med den merknadane til denne, so vil det vera ope for universiteta og høgskulane sjølv å kunna utøve skjønn i vurderinga. Manglar til dømes berre det fyrste året i grunnskulen, meiner USN at språkkravet kan bli godkjent utan at søkjaren blir vist til ein av dei alternative språkstestane i § 2-2-(2) nr 1. – 5.

USN støttar slettinga av andre punktum, men oppfattar endringa slik at det framleis vil vera mogleg for universiteta og høgskulane å godkjenna norskkunnskapar med bakgrunn i opplæring på norsk/nordisk grunnskulenivå, jf. § 2-2 (3) første punktum aleine.

§ 2-2- (4). Utanlandsk utdanning

USN støttar framlegg om endring i fjerde ledd, som handlar om søkjarar med International Baccalaureate (IB). USN anerkjenner konverteringstabellane utarbeidd av Samordna opptak og Utdanningsdirektoratet, og støttar framlegg om at norsk frå IB ikkje lengre skal bli godkjent på standard level.

§ 3-8. Unntak frå krav om generell studiekompetanse for opptak til studium i nautikk og § 4-8. Spesielle opptakskrav til engelskspråklege utdanningsprogram

Framlegg om å opne y-vei for marinteknisk drift og karakterkrav for engelskspråklege utdanningsprogram er sendt frå USN. Universitetet er godt fornøgde med at forslaga er tatt inn i høyringsnotatet. USN viser til tidlegare grunngiving for forslaga, og gir ikkje eigne framlegg nærare omtale her.

§ 4-10. Spesielle opptakskrav til diverse fag

USN har ingen kommentar til at Høyskolen Kristiania fastsett opptaksprøve, som spesielt opptakskrav, til bachelorstudium i interiørarkitektur.

§ 7-2. Kvote for førstegongsvitnemål

USN støttar framlegg om endring og ny ordlyd i § 7-2 (2) og (3). Rett tilknytning til kvote er avgjerande for rangering. Nye avsnitt og ny ordlyd gjer reglane for å høyre til kvota for førstegongsvitnemål lettare å forstå.

§ 7-4. Poengberekning av søkjarar med meir enn eitt grunnlag for rangering

USN er positive til å kunna poengrekne fleire grunnlag for opptak, og støttar framlegg om at søkjarar som oppfyller krava til generell studiekompetanse kan poengreknast på fleire måtar.

§ 7-5. Karakterpoeng

USN støttar framlegg frå Samordna opptak (SO) om å endre § 7-5 tredje ledd. Det vil føre til at departementet kan gje fullmakt til å lage omrekningstabellar, utan å spesifisere at det berre gjeld ein viss type omrekningstabellar.

§§ 7-5 og 7-6. Karakterpoeng

USN meiner det er positivt at SO gjer framlegg om endringar av ordlyden i forskrifta for at denne skal samsvare med den reelle sakshandsaminga. USN støttar endringa.

§ 7-7. Karakterforbetringar og § 7-2. Kvote for førstegongsvitnemål og ordinær kvote

USN ser argument for og imot å ta ut heile §7-7 (2). USN vil vektleggje omsynet til at innhaldet skal vera lett tilgjengeleg og bli forstått av ei ung målgruppe, utan å rekna med at dei sjølv finn fram til informasjon i opplæringslova og forskrifta til denne. USN meiner at ordlyden bør behaldast slik han er skriven i dag, med dei tilvisingane til lov og forskrift som er gitt i § 7-2.

Helsing

Vibeke Bredahl

Studiedirektør
Avdeling for utdanning og studiekvalitet

Bjørnar Pande Wølner

Seksjonssjef
Seksjon for opptak

Dokumentet er godkjent elektronisk, og har av den grunn ikkje handskriven signatur.

Liste over kopimottakere:

Per Eirik Lund v/ Rektors stab

Halvor Austenå v/ Avdeling for utdanning og studiekvalitet